

**Notat**

Dato: 06.08.2019  
Arkivsak: 2017/485-91  
Saksbehandlar: mernord

---

**Til:** Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Tildeling av statlege midlar til TT-ordninga

Samferdselsdepartementet har i brev av 28.06.2019 (vedlagt) tildelt Hordaland fylkeskommune 28,5 mill kr til TT-ordninga for 2. halvår 2019. Tildelinga er i samsvar med søknaden. Ifylgje departementet sine retningslinjer for ordninga, er det rullestolbrukarar og blinde/sterkt svaksynte som skal nytta godt av denne tilleggsløyvinga. Det inneber at det per d.d. er 2.540 brukarar som får auka kvote.

Samferdselsavdelinga legg opp til at dei aktuelle brukarane skal få fylt på kortet med ny kvote innan utgangen av veke 28. Den einskilde brukar får brev om dette.

Departementet legg opp til å vidareføra ordninga med utvida kvotar til einskilde brukargrupper. Det må likevel søkast kvart år, men ein kan truleg leggja til grunn at Vestland fylkeskommune får midlar i 2020 og vidare framover.

Vedlagt sendes brev dagsett 28. juni frå Samferdselsdepartementet og brev dagsett 5. juli frå Samferdselsavdelinga, Hordaland fylkeskommune.

Sjå vedlegg.

Vedlegg:

1. Brev dagsett 28.06.2019 frå Samferdselsdepartementet.
2. Brev dagsett 05.07.2019 frå Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga